



## SAKSPAPIR

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Saksgruppe Nærings og Utvikling	25.01.2017	003/17

Saksansvarleg	Arkiv	Arkivsaknr
Laila Klemetsaune	N - 101, HistSak - 13/262	16/110 -

### Kulturminneplanen til høyring

**Samandrag av saka:**

Kulturminneplanen er klar for høyring.

**Saksutgreiing:**

Kulturminneplanen har vore under arbeid lenge, men er no komen så langt at den kan leggjast ut på høyring. Det manglar ein del biletar,-nokre som kan brukast, ligg sist i dokumentet.

**Vurdering:**

Kulturminneplanen har hatt sterkt fokus på involvering og har hatt fleire møte med sogelag, grändalag og andre kulturminneinteresserte. Det har vore synfaringar/feltarbeid lokalt og kurs og samlingar med fylkeskommunen for å gjera arbeidet så grundig som mogleg. Likevel er det eit håp om at mange engasjerer seg i høylingsrunden.

**Økonomiske konsekvensar:**

Riksantikvaren har støtta plan-og registreringsarbeidet med totalt kr 200.000. Sjølve høylingsrunden har ingen økonomiske konsekvensar. Handlingsplanen har tiltak som krev ressursar, men det kjem ein tilbake til når planen skal vedtakast av kommunestyret til slutt.

**Tilråding til vedtak:**

1. Sakgruppe Nærings og Utvikling legg kulturminneplanen ut på høyring.
2. Det vert annonser i Vestnytt, på heimesida til kommunen og e-post til utvalde deltarar i arbeidet.
3. Høylingsfristen vert sett til 31.mars.

**25.01.2017 Saksgruppe Nærings og Utviklingbehandling:**

Laila Klemetsaune orienterte om arbeidet med planen og om justering av innhaldet i høve til tidlegare presentert disposisjon. Ho orienterte også om oppfølging av punkt i handlingsplanen.

Tilrådinga vart vedteken samrøystes.

**SNU- 003/17 Vedtak:**

1. Sakgruppe Næring og Utvikling legg kulturminneplanen ut på høyring.
2. Det vert annonsert i Vestnytt, på heimesida til kommunen og e-post til utvalde deltagarar i arbeidet.
3. Høyringsfristen vert sett til 31.mars.